

Rettferd for bonden – ærlege tal i landbruket!

18.april 2024 vart STM 11 (Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheiter i jordbruket) handsama i Stortinget, utan at det vart fleirtal for nokon av forslaga. Ny behandling skjer truleg i slutten av feb. 2025. På same måte som Teknisk berekningsutval utarbeider tallgrunnlag som ligger til grunn for lønnsforhandlingane mellom LO og NHO, lager budsjettnemnda for jordbruket grunnlaget som ligger til grunn for jordbruksforhandlingane. Ærlege tal i inntektsberekningane i jordbruket, er omtala som eit sidespor av dei som ikkje vil stå til ansvar for sin eigen politikk. Ærlege tal er ikkje det viktigaste målet, men sjølve føresetnaden for å nå målet om auka sjølvforsyning.

Bestillinga som samfunnet har gitt bøndene har heilt frå Hovedavtalen vert oppretta (1950) vore at ein skal få inntektsjamstilling. Men praksis har vorte at dette må bonden klare sjølv, stort sett gjennom større produksjon og effektivisering. «Get big or get out» har vore (og er) dei harde realitetane.

Dette jaget etter effektivitet, der ein erstattar arbeid med andre former for energi (i form av diesel, kunstgjødsel, plast, maskinar, kraftfôr osv.), har det resultatet at at prisane vert bestemte av energiprisen. Jo meir bøndene har vorte “effektive”, jo høgare prisen på energi stig, jo større blir rekninga bonden sit igjen med.

Det er dette ansvaret regjeringa og Stortinget nå freistar å springe vekk frå - og overlate rekninga til bonden. I forslaget skal normering av inntekta opp i 20%. Med andre ord seier dei at bøndene ikkje er effektive nok. Det til tross for at bøndene ikkje får kapitalavkastning på investeringar og har mange fleire arbeidstimar enn andre (fullstendig utan godtgjering for ulagleg arbeidstid eller 24/7-ansvar).

Eit grelt døme på dette er Sunnfjords-bonden Håkon Langeland (blant anna omtala i Nationen) som har satsa og investert i tråd med tilrådingar og vedteken politikk. Han omsatte for 4,7 mill i 2023, men satt kun igjen med netto på 62.984. Og det etter ein arbeidsinnsats på 3000 timar!

Kva handlar dette om

Det handlar om bøndenes rett til å leve eit liv på same vilkår som andre. For bondens rett til å ha like velferdsvilkår. Og for at bonden skal ha same rettar og moglegheiter i samfunnet generelt.

Det handlar om matvaresikkerhet og helse. Totalberedskapskommisjonen har slått fast viktigheita av auka matvaresikkerhet og at det bur folk over heile landet. Dette er Noreg ikkje i nærleiken av å ha ein politikk for, og det er ikkje vanskeleg å finna døme:

1. Eit bruk forsvinn dagleg i Noreg og fleire og fleire bygder tømmer for folk
2. Me importerer over 60% av maten vår
3. Me brukar ikkje våre eigne ressursar. I Vestland fylke er det nå over 20% av dyrka jorda som er ute av drift

Lar me denne tendensen halde fram, undergraver me matvaresikkerheita kvar dag, og vil tape fleire og fleire kunnskapsrike bønder som sit på kritisk kunnskap om jord, luft, vatn, fotosyntese og alt som skal til for å laga mat. Korleis skal me få til ein langsiktig forvaltning av våre felles matvareressursar utan denne kunnskapen?

Klimaforandringar gjer at matproduksjonen i verda er trua. Vi kan ikkje halda fram med å kjøpa brødet ut av nevene på folk i fattigare land og vi kan ikkje forventast at vi kan importera maten vår i framtida. Vi må produsera, på ein bærekraftig måte, alt det vi kan innanlands i solidaritet med resten av verda.

SV si rolle

Heilt sidan opptrappingsvedtaket (1975) og Berge Furre har SV hatt ein tydeleg profil på landbrukspolitikken. SV har nå ein tydeleg og sterk posisjon i landbruket, med ein politikk for eit landbruk i heile landet. Ein politikk som sikrar god forvaltning og utnytting av våre eigne ressursar til matvareberedskap. verdiskaping i heile landet, god folkehelse og dermed ein god samfunnsøkonomi. Dette skal me vere stolte av, og me skal halde fram og styrke den allereie gode politikken vår. Sikker tilgang på god og sunn mat er tross alt livsviktig!

Vestland SV krev ærlege tal for bonden:

- 1700 timer pr årsverk
- Inga normering
- Riktig avkastning på all eigenkapital